



Kvam herad

REGULERINGSFØRESEGNER FOR:

Reguleringsplan for massetak på gnr. 51, bnr. 3 og 5 m.fl.

HAUKELI

Øystese, Kvam herad

FORSLAGSSTILLAR: GBS Entreprenør AS

Hardangerfjordvegen 601, 5610 Øystese

Sakshandsaming i samsvar med plan- og bygningslova	Saksnr	Dato	Sign.
Oppstart av reguleringsarbeid m/planprogram og konsekvensutgreiing.	NPB 129/12	28.11.12	TROBRA
Kunngjering oppstart regulering m/planprogram i Hordaland folkeblad og på Kvam herad sine nettsider. 01.03.13 – 15.04.15			SV
Informasjonsmøte i Skogheim grendehus (Soldal)		20.03.13	SV
Stadfesting av planprogram	NPB 050/13	18.06.13	TROBRA
1. gongs handsaming.	NPB 006/14	19.03.14	TROBRA
Høyring og offentlig ettersyn frå 01.04.14 til 13.05.14			TROBRA
2. gongs handsama.	NPB 076/14	24.09.14	TROBRA
Vedtak i Kvam heradsstyre.	HST 087/14	30.09.14	TROBRA
Kunngjering av vedtak	24.10.14		TROBRA
I medhald av § 12-12 i Plan- og bygningslova. Planen er vedteken			
Sign: <i>Jon Heuthekin</i>			

PlanID: 123820120006

Arkivsaknr: 12/964



0. Generelt

0.1 Plandokument

Reguleringsplan er heimla i Plan- og bygningslova kapittel 12 og består av desse føresegnene, plankart dagsett 11.12.13 og planomtale dagsett 11.12.13. Føresegnene gjeld innafor ramma av Plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter. Etter at denne reguleringsplanen er stadfesta, kan ein ikkje inngå privatrettslege avtalar som er i strid med planen og føresegnene.

0.2 Føremål med planen

Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for ei utviding av dagens natursteinuttak. GBS ønskjer å utvide det eksisterande området for masseuttak i Haukeli for å sikre drift og fleire lokale arbeidsplassar i fleire tiår framover.

Området vert regulert til følgjande føremål:

FORMÅL jf. PBL § 12-5

BYGNINGAR OG ANLEGG

1201 Steinbrot

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

2011 Køyreveg

2018 Annan veggrunn

GRØNTSTRUKTUR

3060 Vegetasjonsskjerm

OMSYNSSONER jf. PBL § 12-6

SIKRINGSSONER jf. PBL § 12-7.4

140 Frisikt

SÆRLEGE OMSYN jf. PBL § 12-7.6

510 Særlege omsyn til landbruk

540 Særlege omsyn til grøntstruktur

1 Fellesføresegner

1.1 Målereglar

Teknisk forskrift (TEK) .

1.2 Presisering av kulturminnelova

Kjem det fram automatisk freda kulturminne under gravearbeid, pliktar den som grev å stanse arbeidet og melde frå til fylkeskonservatoren, jf. kulturminnelova § 8.

1.3 Krav om utbyggingsrekkefølge

1.3.1 Når ein går inn i delområde syd området av steinbrotet skal drivretning gå frå aust (Laupsadalen) mot vest.

1.3.2 I omsynsone grøntstruktur O1 skal ein starte med å fylle vrakstein/massar for vidare å revegetere området innan 5 år.

1.3.3 Omsynsone grøntstruktur O2, skal ikkje takast ut før heile førekomsten i delområde syd er teke ut.

1.3.4 Kryss mot Fv 131 skal vere bygd slik plankartet syner før utvida steinbrot vert teke i bruk.

2 Formål jf. PBL § 12-5

2.1. BYGNINGAR OG ANLEGG

2.1.1 Steinbrot (sosi kode 1201)

I steinbrotet kan det drivast uttak av murstein, mellomlagring av stein og massar og lagring av tilkøyrd massar. I steinbrotet kan det vere ammunisjonslager og gardssag kan stå og det kan etablerast basar (riggplass/bygningar) som er turvande for drifta. Grense for tillate uttaksområde er i tråd med formålsgrense i reguleringsplanen.

Før det vert sett i gang drift i nye område skal det vera utarbeidd og godkjent driftsplan for området. Driftsplan skal gjere greie for vegar, mellombels og permanente masseopplag og uttaksnivå, uttaksrekkefølge, drivretning og slutthandsaming av terreng og deponi.

For å hindre avrenning mot aust (Laupsaelva) skal det etablerast grøfter som leier vatnet bort frå delfeltet og fellingsdammar som fangar opp og bunnfell partiklar og deler av nitrogenforbindinga.

Produksjonsdrift er tillate måndag til fredag mellom 07:00 og 18:00. Produksjonsdrift er ikkje tillate på Laurdagar, sundagar eller heilagdaggar. Henting og levering av massar er berre tillate innanfor ordinær driftstid måndag til fredag, samt laurdag mellom 09:00 og 15:00.

Etter avslutta drift er områda regulert til landbruksområde/skogbruk.

2.2 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

2.2.1 Køyreveg (sosi kode 2011)

Fv 131 er offentlig køyreveg. Veg 1 er privat tilkomstveg til steintak og landbrukseigedomane tilknytt. Vegen har avkøyning frå Fv. 131. Avkøyning skal ha lineføring og siktsoner som vist i plankart.

2.2.2 Annan veggrunn (sosi kode 2018)

Område skal nyttast til grøft og plass for snøopplag om vinteren, vegmur, rekkverk og andre vegtekniske anlegg. Arealet skal utformast med tanke på maskinelt vedlikehald. Vegetasjon skal ikkje vere over 0,5 meter.

2.2 GRØNTSTRUKTUR

2.3.1 Vegetasjonsskjerm (sosi kode 3060)

Område skal tene som buffer for å skjerme steinbrotet mot busetnad og omkringliggjande LNF områder i kommuneplanen. I området skal eksisterande vegetasjon bevarast. Der det er fare for skade på tre/vegetasjon skal vegetasjon sikkrast. Området skal og tjene som buffer for å hindre risiko for uønska vassig mot aust (Laupsaelva).

3. Omsynsoner jf. PBL § 12-6

3.1. SIKRINGSONE jf. PBL § 12-7.4

3.1.1. Frisikt (sosi kode 140)

Avkøyningar frå kommunal veg. I området skal det vere fri sikt i ei høgd av 0,5 m over tilstøytande veg. Frisiktsone er på 6 x 120 meter.

3.2. SÆRLEGE OMSYN jf. PBL § 12-7.6

3.2.1 Omsyn til landbruk (sosi kode H510)

Traktorvegar gjennom vegetasjonsskjerm skal sikre tilgang til landbrukseigedomar tilknytt.

3.2.2 Omsyn til grøntstruktur (sosi kode H540)

I O1 (omsynsone grøntstruktur) området skal det startast med å fylle på massar for vidare å revegetere området. Revegetering skal vere på plass innan fem år etter at reguleringsplan er vedteken.

I O2 (omsynsone grøntstruktur) skal det ikkje takast ut stein før ressursen i delområde syd er tom. Når ein skal starte ta ut dette området skal ein gå frå sør mot nord, slik at den siste delen som vert teken ut er den delen som skjermar bebuarar i nord mot ulempene ved drift av steintaket.